

BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Protokoll nr. 03/15

Møte 16.03.15.

Tilstades: X

Medlemmer:

- X Karsten Aak, leiar
- X Hanne-Lilian Søvik, nestleiar
- X Kåre Steinsvik
- X Hilde Marie Kleiven
- X Ingrid Løset
- X Ann Helene Skare
- X Torbjørn Vorpenes
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand
- X Dag Hårstad

Varamedlemmer:

- Atle Tangen
- Daniel Ask
- Frank Johnny Svendsen
- Kjell Inge Skarbø
- Norunn Heggebakk Steinnes

Administrasjonen:

Andre: Kvalitetssjef Vidar Hagerup og Runar Finvåg frå Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal

Sekretariatet:

Helse Møre og Romsdal HF v/konsulent Randi Spjelkavik Ramnefjell

Fråvær:

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Ålesund sjukehus, adm – styrerommet.

Karsten Aak leia møtet og ønska alle velkomne, og gjekk igjennom sakslista.

Endring i saksliste:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF behandla følgjande saker:

**BU 2015/17 Godkjenning av innkalling og sakliste
underskrift av protokoll nr. 02/14 frå møte 23.02.15.**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 16.03.15.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og sakliste til møtet 16.03.15.

Protokoll nr. 02/15 som vart godkjent i møte 23.02.15., vart underskriven av brukarrepresentantane.

BU 2015/18 Orienteringssaker

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek orienteringssakane til vitande.

Protokoll:

1. Status rundt planlegginga av brukarkonferanse «Ta vare på våre brukarrepresentantar» (ref. orienteringssak frå møte 23.02.15).
 - Hanne-Lilian Søvik orienterte om at gruppa har begynt prosessen og forslag vil bli lagt frem til møte i Brukarutvalet i mai.
2. Samarbeid med FFO om samkjøring med Brukarutvalet til fellesmøtet (ref orienteringssak frå møte 23.02.15).
 - Ingrid Løset orienterte om at FFO Midt-Norge har hatt eit forberedande møte der det inviteras til eit felles møte i Stjørdal 10.05.15, i forkant av møte med brukarutvala i Helse Midt-Norge den 11.05.15. FFO vil dekke overnatting og reisekostnader for rimelegaste reisemåte til dette møte. Detaljert program vil komme så snart det er klart.
3. Referat frå «Arbeidsgruppe for rus og psykiatri – Helse Møre og Romsdal og kommunane, som del av Samhandlingsstrategi for 2015» (*vedlegg 01*)
 - Brukarutvalet tek referatet til orientering
4. Invitasjon om å komme med innspel til program på fellesmøte 11. mai. (*vedlegg 02*)
 - Brukarutvalet meiner at det hittil har kome fram fleire gode forslag til møte, med bakgrunn i dei siste fokuseringar av saker som har vært i helseføretaket. Ein ynskjer difor ein diskusjon om organisasjon, struktur og behandling av enkelte saker i helseføretak frå regionalt helseføretak, HMN til politisk avgjersle frå statsråd

5. Ventetider og fristbrot (*vedlegg 03 og 04*)
- Brukarutvalet registrerer at måla framleis ikkje er oppnådd
6. Årsmelding 2014 Pasient- og brukarombudet Møre og Romsdal (*vedlegg 05*)
- Brukarutvalet tek saka til vitande.
7. Rapport akutte reinnleggelser 2015 (*vedlegg 06*)
- Brukarutvalet tek saka til orientering
8. Presentasjon frå Kvalitetssjef Vidar Hagerup om Nasjonal pakkeforløp kreft Regional implementering
- Brukarutvalet tek saka til vitande

Vedtak:

BU 2015/19 Orientering om saker til styremøte 18.03.2015.

Innstilling:

Konst. adm. direktør orienterte om saker som skal behandlas i styremøte til Helse Møre og Romsdal HF 18.03.2015.

Protokoll:

Konst. adm direktør holdt ei brei orientering der han beskrev den alvorlege situasjonen i helseføretaket både når det gjeld økonomi og samarbeid innanfor dei ulike fagmiljøa.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, er svært nøgd med det konst. adm. direktør legg opp til for å få heile organisasjonen til å samarbeid om å løyse dei store utfordringane ein står ovanfor.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, er svært nøgd med det Konst. adm. direktør legg opp til for å få heile organisasjonen til å samarbeid om å løyse dei store utfordringane ein står ovanfor.

BU 2015/20 Status barneavdeling Kristiansund sjukehus

Innstilling:

Vedlagt følgjer orienteringssak til styremøte styresak 2015/17 – Status barneavdeling Kristiansund sjukehus

Styret skal behandle saka i styremøte 18.03.15.

Protokoll:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, viser til vedtak i sak 2015/10 frå møte til Brukarutvalet 23.02.15. Brukarutvalet er nøgd med at det i dag kan gis eit utvida tilbod til barn og unge ved Kristiansund sjukehus.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, viser til vedtak i sak 2015/10 frå møte til Brukarutvalet 23.02.15. Brukarutvalet er nøgd med at det i dag kan gis eit utvida tilbod til barn og unge ved Kristiansund sjukehus.

BU 2015/21 Statusrapportering pr 28.02.2015 – Aktivitet – Økonomi og Kvalitet

Vedlagt følgjer styresak 2015/18 – Statusrapportering pr 28.02.2015 – Aktivitet – Økonomi og Kvalitet

Styret skal behandle saka i styremøte 18.03.2015.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek saka til vitande

BU 2015/22 Styringsdokumentet 2015 – oppfølging av føretaksprotokollen

Vedlagt følgjer styresak 2015/20 – Styringsdokumentet 2015 – oppfølging av føretaksprotokollen.

Styret skal behandle saka i styremøte 18.03.15.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek saka til vitande.

BU 2015/23 Eventuelt

- Prosjektstyre for nytt sjukehus:

Protokoll:

Brukarutvalet har stilt spørsmål om det bør være brukarmedverknad med i dette prosjektstyret og etterspør i den forbindelse mandat for arbeidet.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal utsett realitetsbehandla til Brukarutvalet sitt møte i mai, kor det vil forlegge utkast til mandat for prosjektgruppa sitt arbeid.

- Rusproblematikk - konsekvens av behandlingsmåte og styring av behandlingsmåte i Helse Møre og Romsdal.

Protokoll:

Torbjørn Vorpenes meldte inn sak rundt rusproblematikk - konsekvens av behandlingsmåte og styring av behandlingsmåte i Helse Møre og

Romsdal. Mellom anna med bakgrunn i dokumentaren som vart vist på fjernsynet førre veke.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal ber administrasjonen legge til rette for at rusbehandling med brukaren i fokus, blir tema på møte til Brukarutvalet i Molde 04.05.15. Brukarutvalet ser det som naturleg at både spesialisthelsetenesten, kommunehelsetenesten og fastlege blir invitert til dette møtet.

BU 2015/24 Godkjenning av protokoll nr. 03/15 frå møte 16.03.15.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 03/15 frå møte 16.03.15.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 03/15 frå møte 16.03.15.

Møtet slutt kl. 15:02

Ingrid Løset

Hilde Marie Kleiven

Kåre Steinsvik

Jakob Strand

Ann Helen Skare

Torbjørn Vorpenes

Inger Nossen Sandvik

Hanne-Lilian Søvik

Karsten Aak